

---

**Fra:** Morten Klementsens <morten@klementsens.net>  
**Sendt:** mandag 15. juni 2020 21:13  
**Til:** Tove Mette Arnø Fyllingen; Sara Sekkingstad  
**Emne:** Interpellasjon til kommunestyremøtet 25.06.20:  
  
**Viktighet:** Høy

Interpellasjon til kommunestyremøtet 25.06.20:

Etter mottatt varsel fra ein tilsett i gamle Meland kommune, gjorde kontrollutvalet i gamle Meland kommune ein forenkla forvaltningskontroll (jf. sak 49/19 og 55/19). I møte den 18.12.2019, la revisjonen fram resultatet av si undersøking. Undersøkinga avdekket ei rekke alvorlege og kritikkverdige tilhøve som mellom anna omfatta brot på reglar om habilitet, brot på reglar om konkurranse, manglande dokumentasjon og manglande avtaleverk med privat grunneigar.

Kontrollutvalet i Meland kommune ba den gong rådmannen om å iverksetje tiltak for å innskjerpe krav til oppfølging av rutinar, habilitetskrav og dokumentasjon i organisasjonen og gjere greie for dette overfor det nye kontrollutvalet for Alver kommune.

Alver kontrollutval fekk i lukka møte orientering om saka i møte den 10.02.2020. I møtet den 26.05.2020 orienterte den nye administrasjonen om den interne gjennomgangen av saka og oppfølging av tiltak i etterkant. Utvalet fekk informasjon om innskjerping av oppfølging av rutinar, habilitetskrav og dokumentasjon i organisasjonen samt ulike, nye interne regelverk.

Det ble fatta eit samrøystes vedtak om å ta saka og informasjon frå administrasjonen i møtet til orientering. Det blei samstundes lagt særleg vekt på at tiltak om oppfølging av rutinar, habilitetskrav og dokumentasjon blir følgd opp av rådmann.

Etter dette møtet har dokumentasjonen i saka vore offentleg.

Etter at saken var til handsaming i Kontrollutvalget, har FNB Alver hatt ein ny gjennomgang av saka som følgje av saka sin alvorlege karakter.

Administrasjonen sine forbetringstiltak ser kun framover. Det er sjølv sagt bra og viktig at ein kan hindre liknande saker i framtid, men kva med ansvar for dei lovbrudd som alt har og som kan ha hendt? Dei lovar og reglar revisjonen har avdekket brot på, har som føremål å sikre tillit til forvaltninga og hindre meir alvorlege handlingar som korrupsjon og anna myndigheitsmisbruk. Når alvorlege brot på lov- og regelverk no er avdekket, finst det ikkje tillit til at det ikkje også har funne stad endå meir alvorlege lovbrøt, som til dømes straffbare handlingar.

FNB meiner at når revisjonen finn alvorlege rettsbrøt om tilhøve som har hatt stor kostnad for kommunen sine innbyggjarar, så veit vi, og forskning viser og, at meiralvorlege handlingar kan ha

funne stad. Som folkevalde har vi eit ansvar for at kommunen sin aktivitet finn stad innanfor deirettslege og etiske rammer som gjeld. FNB Alver foreslår difor å oversende revisjonsrapporten til politiet for anmelding av moglege straffbare handlingar. Vi meiner bestemt at Revisjonsrapporten fortel om moglege straffbare hendingar. Desse bør då eventuelt forfølgjast, då det ikkje skal eller kan vere skilnad mellom innbyggjarane i relativt like saker, som vil kunna oppfattast som at kommunen handsamar Kong Salomo og Jørgen Hattemakar etter ulike prinsipp.

*Forslag til vedtak:*

På bakgrunn av revisjonsrapporten, vert det sendt anmelding til politiet for etterforskning/vurdering av om det har blitt begått straffbare forhold i Meland/Alver kommune.

Mvh

Morten Klementsén

Leder/Gruppeleder FNB Alver